

ING. TAULE AS
RADØYVEGEN 1400
5936 MANGER

Dato	14.10.2022
Vår referanse	2022/70946-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ørjan Netteland Dybvik
E-post	Orjan.Dybvik@vlfk.no
Telefon	45721980

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - fv. 525 - gnr. 449 bnr. 32 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 11.10.2022.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa langs veg for bruksendring av næringsbygg til bustad på gnr. 449 bnr. 32 i Alver kommune.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 525 Radøyvegen for å gjennomføre bruksendring av næringsbygg til bustad gnr. 449 bnr. 32 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 20.07.2022
2. Avstanden frå bygninga (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 525 Radøyvegen skal vera minst 20 meter.
3. Einebustaden må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga ligg nær fylkesveg 525 Radøyvegen, dette inkluderer ulemper med støy.
6. Bruksendringa må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fv525 Radøyvegen har ein fartsgrense på 50 km/t og har ein årsdøgntrafikk på 1700. Vegen er ifølgje rammeplanen til Vestland fylkeskommune for avkøyrsløse og byggegrensesaker(2021-24) satt til haldningsklasse (3) «viktig lokalveg». Vegloven § 29 har fastsett ei generell byggegrense langs fylkesveg på 50 meter frå vegmidte, samstundes viser rammeplanen til at veger med klassifiseringa «viktig lokalveg» kan leggje til grunn ein byggegrense langs veg på 30 meter.

Det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldeplassar langs strekninga og fartsgrensa er låg. I denne saken vurderer vi at tiltaket berre er ein bruksendring utan tydeleg trafikkaukane effekt. Tiltaket er ikkje komme i konflikt med siktsoner i vegen eller være til hinder for drift og vedlikehald av fylkesvegen. Tiltakshavar har heller ikkje moglegheit til å flytte tiltaket lenger vekk frå fylkesvegen innanfor eigedomsgrensa.

Etter ei samla vurdering av tilhøva i saka, finn vi i denne saka grunnlag for å gje dispensasjon frå byggjegrensa langs veg for bruksendring av næringsbygg til bustad. **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Ørjan Nettelund Dybvik
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift